

### **Høyringsvar til høyringsnotat av 12. juni 2015 «Forslag om å opne for tildeling av løyve til akvakultur til utviklingsformål»**

Maritimt Forum vil med dette gje sitt innspel til høyringa. Maritimt Forum er ei stifting med organisasjonar og bedrifter frå alle delar av maritim næring som medlemmar. Verft som bygg fiskefartøy, fartøy til bruk i havbruk og reiarlag som drifrar desse er mellom medlemmane. Vi gir vårt høyringsvar med utgangspunkt i det tette samvirket som er mellom dei maritime og marine næringane i Norge, og den kunnskap og erfaring vi har med innovasjons- og utviklingsarbeid i maritim næring.

Vi vil innleiingsvis peike på at veksten i havbruksnæringa i Norge har medført positiv aktivitet for maritim næring, både på reiar og utstyrssida. Vi ser i aukande grad ei teknologioverføring der kunnskap, mellom anna frå offshoresektoren, kjem til bruk i havbruksnæring. Eit slik eksempel er bruken av materiell for dynamisk posisjonering (for å halde fartøy på ein bestemt stad) på brønnbåtar ved avlusing eller lasting av smolt. Ettersom storleiken på opprettsanlegga har auka har det også vorte større krav til fartøya som driv vedlikehald og sørvisarbeid på desse. Vi vil difor peike moglegheita utviklingskonsesjonane gir for utviklingsarbeid og innovasjon også i andre næringar, og vil understreke viktigheita av tildeling av utviklingskonsesjonar. Særleg vil vi understreke betydinga av auka aktivitet i den marine næringa i den tida vi er i no.

#### **Eigarskap til kunnskapen erverva gjennom eit utviklingsprosjekt.**

Å utvikle nye konsept for havbruk inneber som for anna industriell utvikling investeringskostnader og risiko, som utviklingsaktøren i hovudsak tek. Departementet legg i høyringsnotatet vekt på at kunnskapen skal delast med andre over tid. Vi vil peike på at dette kan redusere verksemder si vilje til å ta økonomisk risiko ved utvikling av nye konsept. Oppdrettsnæringa i Norge er ei relativt ny næring og sjølv om teknologiutviklinga dei seinaste åra har vore stor meiner Maritimt Forum vi må ha ambisjonar om å utvikle viktige innovasjonar i åra som kjem. Ein føresetnad for dette er at aktørane ser ein økonomisk gevinst ved å investere i ny teknologi. Vi saknar i høyringsnotatet ei konkretisering av kva det betyr at «Ein føresetnad for å få utviklingsløyve vil vere at kunnskapen frå prosjektet over tid skal delast med den øvrige næringa» (s.2). Dette er ikkje vidare utdjupa.

Vi vil åtvare mot at verksemder som investerer og tek risiko ved å utvikle nye konsept ikkje får moglegheita til å beskytte desse konsept. Dette meiner vi kan virke negativt på viljen til å forske og gjere investeringar i teknologiutvikling.



### **Krav til løyva**

Maritimt Forum meiner det må stillast som krav til løyva at dei bidreg til vesentleg andre teknologiske løysingar eller måtar å drive oppdrett på, slik departementet legg vekt på. Det må vere ein tydeleg risiko for aktøren ved prosjekter for å legitimere tildelinga av eit slikt løyve. Vi meiner løyva bør ta høgde for at utviklingsarbeid tek tid, og at ein må ta høgde for at drifta kan måtte avviklast ved anlegget i påvente av forbetringar eller vidare forsøk. Vi meiner difor at det blir for knapt å ta utgangspunkt i to syklusar og at ei løyvetid på 15 år er meir hensiktsmessig.

Vi meiner dette også i større grad bidrar til å stimulere aktørane og investorar til å gjere vesentlege investeringar. Vi meiner vidare at det ikkje er naudsynt å stille krav om suksesskriterium til utviklingsløyve. Dette kan løysast gjennom at løyvehavar etter løyvetida (15 år) får moglegheita til å gjere om utviklingskonsesjonen til ein ordinær konsesjon mot eit vederlag. Er løyvet eit suksess vil løyvehavaren gjere dette, er det ikkje ein suksess vil det felle bort. Vi vil understreke at løyvehavar må han ansvar for opprydding og fjerning av evt. materiell og at dette må gå tydeleg fram. Ein bør også reflektere over korleis dette løysast dersom løyvehavar går konkurs. Kostnadane ved å t.d. rydde opp eit større offshoreanlegg kan verte vesentlege (som også er ein risiko løyvehavar tek).

### **Omgjering av løyva**

Departementet drøftar fleire moglege løysningar for omgjering av løyva. I høringsnotatet tar utgangspunkt i en markedspris (fastpris), men med fratrekk for risiko og investeringskostnader «*forventes at det skal gjøres fradrag for risiko og investeringskostnader*». Vi vil peike på at kva som er risiko og investeringskostnader i eit slikt prosjekt kan vere svært vanskeleg å skape eit konsensus om då det til ein viss grad vil vere eit skjønsmessig spørsmål. Vi føreset her at departementet ikkje legg ei individuell vurdering av det enkelte prosjekt og den enkelte utviklingskonsesjon, men legg til grunn ei felles berekning. Eit anna sentralt spørsmål blir då «kva er ein god ide verdt?». Dersom det er slik at det føl med ei forventning om at kunnskapen skal delast med resten av næringa vil ein god ide vere langt mindre verdt enn dersom eigaren sjølv beheld eigarskapet til den. Vi meiner det vil vere langt meir fornuftig med marknadspris. Prisen kan bereknast med utgangspunkt i marknadspris på konverteringstidspunktet. Har utviklingskonsesjonen vist seg å vere ein suksess vil investeringa svare seg på same måte som investering i ein ordinær konsesjon.

Vi takkar for moglegheita til å gje høyringssvar, og bidreg gjerne med utdjuping om departementet skulle ønske dette.

Beste helsing

Tord Dale (sign)  
Maritimt Forum